



Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Møtedato: 23.04.2026
Møtestad: Bykle hotell
Møtetid: kl 08.30 - 14.00
Tidsbruk: 6 timar
Førebuingstid: 3 timar

Møtedeltakarar	
Astrid Reiestad Førli	
Bertin Bjåen	
Elin Ringhus	
Gudny Anette Lofthus	
Ivar Harry Dahl	
Janne Nøkland Haddeland	
Kai Åge Kristiansen	
Knut Hagen	
Laila Espedal	
Liv Irene Mandt Lindvig	
Roger Thorsland	
Sigmund Alfson Trydal	
Vibeke Kaalhaug	
Iren Klungtveit Slagstad	

Forfall	
Halvor Nyland	
Johan Michael Malm	
Lill Synnøve Laugaland	
Stein Ivar Sinnes	
Ståle Halsne (vara)	

Andre	
Therese Ramberg Sivertsen	

Møtesekretær:
Jarle Lunde

Godkjenning

Knut Hagen og Vibeke Kaalhaug har godkjend møteboka til å vere i samsvar med det som ble vedtatt på møte.

Fellesmøte

Før ordinært møte var det fellesmøte der villreinlaga i Setesdal Ryfylke, Setesdal Austhei og Våmur Roan var representert. Følgande presentasjonar blei gitt.

1. Nytt frå villrein fjellet

- Statens naturoppsyn v/Guro Sødergren

2. Rullering av Heiplanen

- Heiplansekretariatet v/Katrine Skajaa Gunnarsli

3. Arbeidet med kommuneplanens arealdel, sti- og løypeplan og HovdenTour - status i eit villreinperspektiv

- Bykle kommune v/Signe Sollien Haugå

4. Nytt frå villreinlaga (framlegg til kvote, bestandsplan m.m.)

- Setesdal Ryfylke villreinutval v /Kristian Eiken Olsen

- Setesdal Austhei villreinlag v / Torleif Homme

- Våmur Roan villreinlag v/ Per Wraa

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
002/26	Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar	
003/26	Meldingar	
004/26	Delegasjonssaker	
005/26	Godkjenning av bestandsplan for Våmur-Roan villreinområde 2026-2030	
006/26	Godkjenning av fellingskvote i 2026, Våmur-Roan villreinområde	
007/26	Godkjenning av avskytingsplan 2026 for Setesdal Austhei villreinområde	
008/26	Godkjenning av avskytingsplan 2026 for Setesdal Ryfylke villreinområde	
009/26	Eventuelt	

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	26/451

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Sand, 27.04.2026

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Ingen merknad.S
amrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	26/451

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026

Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Sand, 27.04.2026

Det skal veljast eit medlem som saman med leiar skal godkjenne møtebok, slik at denne er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Forslag: Vibeke Kaalhaug
Samrøystes

VRN - 002/26 Vedtak:

Vibeke Kaalhaug blei valt til å skrive under møtebok saman med leiar

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	26/451

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026

Meldingar

Forslag til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sand, 27.04.2026

Underliggende saker:

Saksnummer.	Tittel
1	Øygard kraftverk - avtale om villreinhensyn
2	Gnr 42 Bnr 19 - Statsforvaltaren klagar på vedtak - dispensasjon - Heimre Kvilldalsdalen 52 - riving stølsbygning og oppføring av ny fritidsbustad
3	Klage på vedtak for oppføring av tilbygg til hytte samt bod på gnr/bnr 63/74, i Evardalen, i Valle kommune
4	Informasjon til berørte interessenter til planlagt pumpekraft i Bykle kommune
5	Villreinfaglige vurderinger for bruk av Urevatn som magasin i pumpekraftverk
6	Økonomi i nemnda 2026
7	Status for tiltaksplan for villrein

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet**Handsaming:**

Det blei gitt ei orientering om kvar av dei oppgitte meldingane av Therese Ramberg Sivertsen og Jarle Lunde.

Det blei i tillegg opplyst om at

- Heiplansamlinga vil i år vere i Vrådal 15.-16.oktober
- John Garvik har fråtredd som varamedlem i nemnda frå Gjesdal kommune. Ny varamedlem er Johnny Tandrevoll.
- Arbeidsutvalet i nemnda skal ha dialogmøte med verneområdestyre 27.mai med tema bestandsforvaltning

VRN - 003/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	26/451

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026

Delegasjonssaker

Forslag til vedtak:

Sakene blir tekne til orientering.

Sand, 27.04.2026

Underliggende saker:

Saksnummer.	Tittel
001/26	Uttale til søknad om oppføring av tilbygg til hytte på gnr. 23, bnr. 8, fnr. 7, Bjørnevatn
003/26	Uttale til søknad om endring og utviding av fritidsbygg, Evardalen - gbnr 63/74, Valle kommune
002/26	Uttale til søknad om søknad om dispensasjon - Renseanlegg for avløpsvann, 222/1/9, Sandnes kommune

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet**Handsaming:**

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 004/26 Vedtak:

Sakene blir tekne til orientering.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-X32	26/448

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026

Godkjenning av bestandsplan for Våmur-Roan villreinområde 2026-2030

Forslag til vedtak

Villreinnemnda vurderer at bestandsplanen oppfyller dei formelle krava etter hjorteviltforkrifta. Planen gir eit godt grunnlag for ei berekraftig og langsiktig forvaltning av villrein i området.

Med heimel i § 27 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, godkjenner Villreinnemnda for Setesdalsområdet «Bestandsplan for Våmur-Roan villreinområde 2026-2030.»

Sand, 27.04.2026

Vedlegg:

Bestandsplan Våmur Roan 2026-2030

Bakgrunndokument

- Bestandsplan for Våmur-Roan villreinområde 2021 – 2025
- Våmur-Roan villreinområde, kunnskapsgrunnlaget til kvalitetsnorma
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Saksopplysningar

Våmur-Roan villreinlag har komme med forslag til ny bestandsplan, sjå vedlegg. Det er styret i villreinlaget som har utarbeida planen. Planen byggjer på erfaringar frå tidlegare bestandsplanar, deltaking i prosjektet «Villreinens bruk av Våmur–Roan» (2019–2020) og kartlegging i samband med kvalitetsnorm for villrein, ferdigstilt i 2023.

Villreinlaget er invitert til møte i villreinnemnda og vil presentere forslag til bestandsplan.

Villreinnemnda skal vedta bestandsplanen

I tråd med § 27 i hjorteviltforskrifta er det villreinnemnda som skal godkjenne bestandsplanen. Nemnda skal sjå til at planen tilfredsstillir alle formelle krav i forskrifta, og at den bidrar til ein forsvarleg og fornuftig forvaltning av villrein i villreinområdet.

Planens innhald

Planområdet omfattar heile Våmur–Roan villreinområde i kommunane Nissedal, Kviteseid og Fyresdal, med eit samla areal på om lag 408 356 dekar. Området er definert som eitt vald. Planperioden er valt til fem år.

Planen gjer greie for bakgrunn og historisk utvikling i bestanden, inkludert variasjonar i bestandsstorleik, jaktuttak og periodar med freding. Helikopterteljning i januar 2023 dokumenterte ein markant bestandsnedgang, men med ein bestandsstruktur som i hovudsak samsvara med tidlegare mål. På bakgrunn av lågt berekna bestandsnivå vart det sett i verk svært låg avskyting og seinare full freding. Etterfølgjande observasjonar tyder på at bestanden igjen er i vekst fram mot planperioden.

Planen omtalar òg helsestatus i bestanden. Det er teke CWD-prøver av felte dyr utan påvising av smitte, og det er ikkje vurdert behov for særskilde tiltak knytt til skrantesjuka i planperioden utover å ta cwd-prøvar. Vidare er kvalitetsnorm for villrein omtalt. Våmur–Roan er klassifisert til middels (gul), basert på delnorm for lavbeite, medan bestandsforhold og påverknad frå menneskeleg aktivitet er vurdert som god.

Hovudmålet i planen er å byggje opp og på sikt halde ein stabil vinterbestand på om lag 200 dyr, med god struktur og god kondisjon. For å nå målet legg planen opp til låg eller inga avskyting så lenge bestanden ligg under målsetjinga, kombinert med tett overvaking gjennom observasjonar, teljingar og jaktstatistikk. Kvote skal vurderast årleg av årsmøtet i villreinlaget basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag, og leggast fram som forslag til villreinnemnda.

Vurdering

Dei formelle krava til innhaldet i ein bestandsplan er heimla i § 27 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Det går her fram at planen må:

- som hovudregel omfatte heile villreinområdet
- ha målsetting for bestandsstorleik og utvikling
- ha avskytingsplan fordelt på alder og kjønn
- ha oversikt over kva bestandsdata som skal samlast inn og kva tiltak som er planlagt gjennomført

Dei nemnda punkta må kunne seiast å vere minimumskrav til ein bestandsplan. Slik sekretariatet vurderer det følgjer planen opp desse krava. Planforslaget vidarefører mål og strategiar frå tidlegare bestandsplanar.

Erfaringar frå området syner at det kan vere krevjande å skaffe sikre minimumstal for bestanden. Dette fordi dyra tidvis oppheld seg i kupert og skogkledd terreng, og fordi vêr- og snøforhold kan gjere teljing utfordrande. I planen er det lagt til grunn at helikopterteljing bør gjennomførast kvart tredje år, avhengig av økonomiske rammer. Det blir og vist til registrering av observasjonar.

Flytid er særskild kostnadskrevjande, og har eit usikkert resultat. Det hadde styrka planen om ein hadde godt grundigare inn på korleis ein skal samla inn data om bestandstorleik (rapportering frå jegerar og andre fjellfantar, bruk av drone?). Eit mål for planperioden kunne vore å arbeide med denne problematikken.

Planen er veldig tydeleg på at alle vaksne dyr som blir felt skal det takast CWD prøvar av. Alle felte dyr skal også vegast. Det er bra.

I delkapittel om kvalitetsnorma kjem det fram at villreinlaget meiner at Våmur-Roan burde blitt sett til god tilstand, sjølv om delnorma «lavbeite» viser middels tilstand. Her er det altså ei fagleg usemje. Vidare heiter det at «*Ein kan ikkje sjå at endra areal- eller viltforvaltning vil påverke kvalitetsnormen i området.*» Dette er i beste fall ei upresis formulering. Sjølv sagt kan ei endring i areal og bestandsforvaltninga påverke resultatet i kvalitetsnorma. Poenget her må vel vere at resultatet frå klassifiseringa ikkje tilseier store behov for iverksetting av tiltak.

Det hadde vore ønskeleg at det i tillegg til bestandsmål også hadde vore mål og tiltak knyt til arealforvaltninga i området. Dette ville kunne gitt eit meir forpliktande dokument for villreinutvalet og jaktrettshaverne i forhold til forvaltninga av areala.

Det er lagt opp til ein planperiode på fem år. I Setesdal Aust og Setesdal Ryfylke villreinområde er siste bestandsplan sett til tre år. Dette grunna at det skjer mykje nytt når det gjeld villreinforvaltninga, ikkje minst utarbeiding av tiltaksplan for villrein. Dette gjeld, i alle fall førebels, for dei nasjonale villreinområda. Tiltak innafor bestandsforvaltning som justering i jaktorganisering og jaktutøving for å redusere forstyrning frå jakta, jaktfrie soner med meir, er aktuelle tiltak. Dette er forhold som også bør sjåast på i Våmur-Roan, etter erfaringar i dei nasjonale villreinområda. Sekretariatet tenkjer likevel det er greitt med ein femårsplan, ettersom både laget og villreinnemnda kan ta til ordre å lage ein ny før det, om ein ser at dette er naudsynt. Jamfør § 27 i hjorteviltforskrifta kan nemnda «beslutte at ny bestandsplan skal utarbeides».

Samla sett vurderer sekretariatet at bestandsplanen oppfyller dei formelle krava etter forskrifta. Den gir eit godt grunnlag for ei berekraftig og langsiktig forvaltning av villrein i området. Planen kan godkjennast etter hjorteviltforskrifta § 27.

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

I første del av møte orienterte Per Wraa, leiar i Våmur-Roan villreinlag, om laget sitt forslag til bestandsplan.

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 005/26 Vedtak:

Villreinnemnda vurderer at bestandsplanen oppfyller dei formelle krava etter hjorteviltforskrifta. Planen gir eit godt grunnlag for ei berekraftig og langsiktig forvaltning av villrein i området.

Med heimel i § 27 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, godkjenner Villreinnemnda for Setesdalsområdet «Bestandsplan for Våmur-Roan villreinområde 2026-2030.»

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-X32	26/448

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026

Godkjenning av fellingskvote i 2026, Våmur-Roan villreinområde

Forslag til vedtak

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda ein kvote på 0 villrein i Våmur – Roan villreinområde i 2026.

Sand, 27.04.2026

Saksopplysningar

Våmur-Roan villreinlag har på sitt årsmøte vedtatt forslag til fellingskvote for 2026. Laget er invitert til møte i nemnda og vil mellom anna presentere kvoteforslaget .

Villreinnemnda skal vedta årleg fellingskvote

Jamfør § 28 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det villreinnemnda som vedtek årleg fellingskvote for kvart villreinområde innan 1. mai. Gjeldande bestandsplan, samt oppdatert kunnskap om villreinen i området, skal leggest til grunn.

Bestandsplan

Bestandsplanen for Våmur-Roan 2026-2030 har som mål å halde ein stabil vinterbestand på omlag 200 dyr, og at stamma skal halde på god tilstand under delnorma «Bestandsforhold» etter kvalitetsnorm for villrein.

Bestandstorleik og bestandsstruktur

Med bakgrunn i teljing, observasjonar og uttak var bestanden i 2021 og 2022 estimert til 175 dyr. Etter jakta i 2022 fekk villreinlaget tilbakemeldingar om at villreinstamma kanskje var for låg i forhold til bestandsmålet. Etter ei minimumsteljing i januar 2023 med gode forhold, var vurderinga at stamma var på minimum 80 dyr. Grunna låg bestand blei det ikkje tildelt kvote i 2024 og 2025. Med bakgrunn i observasjonar og berekningar er stamma no estimert til å vere om lag 125 dyr med ein struktur nær målet i bestandsplanen.

Tabell: Kvoter, felling og estimert vinterbestand.

Jaktår	Tildelt totalt	Felte totalt	Estimert vinterbestand	Bestandsmål
2016	80	60	240	200
2017	80	50	240	200
2018	55	33	170	200
2019	55	42	170	200
2020	55	37	170+	200
2021	55	41	175	200
2022	55	41	175	200
2023	19	9	80	200
2024	0	0	80+	200
2025	0	0	100	200
2026			125	200

Tilråding frå villreinlaget

Med bakgrunn i at stamma framleis er eit stykke unna bestandsmålet er tilrådinga frå årsmøte i Våmur-Roan villreinlag at ein ikkje tildeler noko kvote i 2026.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynde.

Framlegg til vedtak baserer seg på data frå teljingar, observasjonar og erfaringar med villrein og villreinjakt i området over fleire år. Sekretariatet vurderer at kunnskapen er tilstrekkeleg

god til å kunne vedta kvoter (§ 8). Med bakgrunn i dette blir det lagt mindre vekt på føre var-prinsippet (§ 9).

Samstundes må det understreka at kvaliteten på datamaterialet ein har over bestandsstorleik og struktur kan variera. Teljingar gir ein god lede-tråd, men er normalt ikkje ein fasit. Tilfeldig innvandring/utvandring og hendingar vil også bidra til dette. Det same gjer ulik fellings-suksess frå år til år. Berekning av fellingskvotar er med andre ord ingen eksakt vitenskap.

I forhold til samla belastning (§ 10) blir kvota vurdert i forhold til ein langsiktig forvaltningspraksis vedtatt i bestandsplan. Som omtalt er ikkje tildeling av kvoter noko millimeter kunnskap. Det er derfor viktig å sjå på utviklinga over fleire år. Det er og sentralt å sjå saka i forhold til CWD-situasjonen.

§ 11-12 i naturmangfaldlova er vurdert som mindre relevante i saka.

Føreslått kvote

I perioden 2018 til 2022 blei villreinstamma vurdert å vere noko under bestandsmålet på 200 vinterdyr. Kvota desse åra var 55 dyr. Dette fungerte tilsynelatande bra, fram til hausten 2022. Nye estimat basert på minimumsteljinga i januar 2023, samt seinare observasjonar viser at villreinstamma ser ut til å vere under bestandsmålet.

Årsmøte i villreinlaget føreslår derfor, som i 2024 og 2025, at det ikkje blir jakta villrein i Våmur Roan i 2026. Sekretariatet støtter opp om dette. Med bakgrunn i villreinområdets geografi sett i forhold til Hardangervidda, meiner sekretariatet at ei freding no, men bakgrunn i dei bestandsdata me har, ikkje er i større konflikt med cwd-situasjonen.

Det er nokre forvaltningsmessige ulemper med å ikkje opne for jakt. Ein får mellom anna ikkje teke CWD-prøvar. Ein får heller ikkje nye bestandsdata som kalvevekt. I Våmur-Roan har også observasjonar frå jegerar vore eit viktig bidrag i forhold til å halde oversikt over bestandstorleik. Med freding i 2026 vil det truleg bli vekst i stamma til ein nivå som gjer at ein neste år bør vurdere å opne for ei avgrensa jakt.

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

I første del av møte orienterte Per Wraa, leiar i Våmur-Roan villreinlag, om laget sitt forslag til kvote.

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 006/26 Vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda ein kvote på 0 villrein i Våmur – Roan villreinområde i 2026.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-X32	26/448

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026
	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	

Godkjenning av avskytingsplan 2026 for Setesdal Austhei villreinområde

Forslag til vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 1500 dekar i sone 1, nordområdet (Bykle, Tokke og Vinje kommune), og 8000 dekar i sone 2, sørområdet (Fyresdal, Åmli, Bygland og Valle kommune). Dette gir ei samla kvote på om lag 721 dyr for jaktseasonen 2026 i Setesdal Austhei villreinområde. Fordeling av kort blir slik:

- Frie dyr: 25 %
- Simle: 30 %
- Kalv: 45 %

Kvota er i samsvar med Setesdal Austhei villreinlag sitt forslag til avskytingsplan for 2026.

I tilknytning til jakta blir følgjande pålegg gitt med heimel i hjorteviltforskrifta § 32:

- Det skal leverast CWD-prøve frå alle felte villrein eldre enn 1 år
- Alle felte kalvar skal vegast
- Opplysningar om alle felte dyr skal førast i Hjorteviltregisteret eller i appen «Sett og skutt».

Nemnda vil sterkt oppmoda til at villrein med GPS-sendar ikkje blir skutt.

Sand, 27.04.2026

Bakgrunnsdokument

- Bestandsplan for Setesdal Austhei villreinområde 2025-27
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Saksopplysningar

Forslag til avskytingsplan for 2026 er utarbeidd av Setesdal Austhei villreinlag (SAVL) og vedteke på årsmøtet i villreinlaget våren 2026.

Villreinlaget er invitert til møte i nemnda og dei vil presentere avskytingsplanen og arbeidet med denne.

Villreinnemnda skal vedta årleg fellingskvote

Jamfør § 28 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det villreinnemnda som vedtek årleg fellingskvote for kvart villreinområde innan 1. mai. Gjeldande bestandsplan, samt oppdatert kunnskap om villreinen i området, skal leggest til grunn.

Med funnet av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og i Nordfjella villreinområde er villreinforvaltninga i ein unormal situasjon. Kvotar må sjåast på i lys av dette.

Mål i bestandsplan

I bestandsplan for 2025-2027 heiter det at «bestandsforvaltninga av villreinen i SAVL skal i planperioden opplevast som berekraftig og forvaltninga skal bidra til at ein sannsynlegvis kan sei at me har ein CWD-fri villreinbestand. Eit langsiktig mål er å kome på grønt nivå i kvalitetsnormen

Målsetting i planen:

Hovedmål: Villreinbestanden i Setesdal Austhei villreinområde skal holdes på et nivå som ikke reduserer beitegrunnet og forvaltes på en måte som gir sunne og livskraftige dyr

Delmål bestandsstørrelse: Villreinbestanden i Setesdal Austhei skal stabiliserast på dagens nivå som er på om lag 1000 dyr. Det er 500 dyr mindre enn i forrige bestandsplan periode, men grunna funn av CWD på Hardangervidda vil SAVL bidra til å minske faren for eventuell smitte til og i SA villreinområde.

Delmål storbukkandel: Grunna funn av CWD på Hardangervidda og tidlegare i Norfjella, vil ein redusere andelen storbukk (2 1/2 år+) ned til om lag 10%.

Anbefaling frå Miljødirektoratet

I brev datert 24.01.2024 kjem Miljødirektoratet med anbefalingar for bestandsforvaltninga for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke. Dette med bakgrunn at det framleis er stor usikkerheit når det gjelder førekkomsten av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og omkringliggende villreinområde. «Vi oppfordrer derfor til at bestandsforvaltningen i disse områdene forsetter å følge føringene med å redusere/ha lav bukkeandel og generelt ha reduserte bestandsstørrelser sammenlignet med en normalsituasjon.»

Direktoratet understrekar at det er viktig å få tatt så mange CWD prøvar som mogleg av villrein som er eit år og eldre.

Faktagrunnlag og tilråding frå villreinlaget

Avskytingsplan inneheld ein del fakta og føresetnadar som er lagt til grunn for foreslått kvote for 2026. Dette er hovudpunkta:

- Vinterbestand på om lag 1000 dyr
- Kalveproduksjon på om lag 50 kalvar per 100 simple/ungdyr, tilsvarande nær 300 kalvar
- Naturleg dødelegheit sett til 15 %, som gir ein forventa kalvetilvekst på om lag 250 dyr

- Jaktuttaket i 2025 vart høgare enn forventa (256 felte dyr), men kalveteljingar våren 2025 viste òg noko høgare produksjon enn lagt til grunn i førre plan.

Som i dei seinare år blir det føreslått to soner, nordområdet (Bykle, Tokke og Vinje) og sørområdet (Fyresdal, Åmli, Bygland og Valle). Det blir føreslått ei endring frå 2025 ved at heile Valle blir sett til sørområdet, i 2025 var valda i kommunen delt mellom nord og sør. Bakgrunnen er at ein forventar at det *«meste av jakta vil foregå i nordområdet og ein vil prøve å halde igjen noko på tildelte kort då jakttrykket i deler av dette området kan blir svært stort og utfordrande då det er ei relativt lite område som det vert jakta på.»*

Foreslått minsteareal er uendra frå 2025. For nordområdet 1500 dekar, og for sørområdet 8000 dekar. Forventa fellingsprosent er sett til 40 prosent i nord og 20 i sør. Dette gir ei kvote på om lag 721 dyr (969 dyr i 2025) og ei forventa felling på 247 dyr. Ein reknar med at dette vil medføre at bestanden blir stabil på om lag same nivå som i dag.

Kortfordeling blir sett likt som i 2025: Frie dyr 25%, simle 30% og kalv 45%.

Storbukkandelen er estimert til om lag 18 %, og auka uttak av vaksen bukk er framleis eit viktig tiltak i lys av CWD-situasjonen.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd.

Framlegg til vedtak baserer seg på data frå teljingar, observasjonar og erfaringar med villrein og villreinjakt i området over fleire år. Sekretariatet vurderer at kunnskapen er tilstrekkeleg god til å kunne vedta kvoter (§ 8). Med bakgrunn i dette blir det lagt mindre vekt på føre var-prinsippet (§ 9).

Samstundes må det understrekast at kvaliteten på datamaterialet ein har over bestandsstorleik og struktur kan variera. Teljingar gir ein god ledetråd, men er normalt ikkje ein fasit. Tilfeldig innvandring/utvandring og hendingar vil også bidra til dette. Det same gjer ulik fellingsuksess frå år til år. Berekning av fellingskvotar er med andre ord ingen eksakt vitenskap.

I forhold til samla belastning (§ 10) blir kvota vurdert i forhold til ein langsiktig forvaltningspraksis vedtatt i bestandsplan. Som omtalt er ikkje tildeling av kvoter noko millimeter kunnskap. Det er derfor viktig å sjå på utviklinga over fleire år. Det er og sentralt å sjå saka i forhold til CWD-situasjonen.

§ 11-12 i naturmangfaldlova er vurdert som mindre relevante i saka.

Foreslått kvote

Forslaget til kvote for 2026 byggjer på bestandsplan, teljingar, bestandsstruktur og faktiske fellingsresultat dei siste åra. Etter eit høgare uttak enn forventa i jaktåret 2025, kombinert med noko betre kalveproduksjon enn lagt til grunn året før, vurderer villreinlaget samla sett at bestanden ved inngangen til 2026 framleis ligg rundt bestandsmålet på om lag 1000 dyr.

Foreslått kvote er lågare enn i 2025, samstundes er det ei forventa felling som er på nivå med fjorårets. Dette inneber at ein i større grad er avhengig av høg fellingsuksess per tildelt løyve. Som grunngeving viser villreinlaget til at det i sentrale jaktområde har vore eit stort jakttrykk. Sekretariatet vil her legge til at det er positivt om ein kan oppnå fellingsmåla med færre jegerar. Det vil vere meir skånsamt for villreinen.

Vidare blir kortfordelinga vidareført uendra, med ein relativt høg andel frie dyr. Dette er i tråd med målsettinga om å redusere andelen vaksen bukk i bestanden. Villreinlaget har estimert storbukandelen til om lag 18 %, og vidare nedgang i denne delen av bestanden er vurdert som eit viktig førebyggjande tiltak i arbeidet mot skrantesjuka.

Villreinlaget har også i 2026 lagt til grunn ein naturleg dødelegheit på 15 %. Dette er høgare enn det som tradisjonelt har vore nytta i bestandsberekningar, og det knyter seg usikkerheit til storleiken på denne faktoren.

Samla sett vurderer sekretariatet at foreslått kvote for 2026 er i tråd med gjeldande bestandsplan for 2025–2027, nasjonale føringar for villreinforvaltning i ein CWD-situasjon, og prinsippa i naturmangfaldlova. Kvota er tilpassa målsettinga om ein stabil bestand, samstundes som ho legg til rette for vidare reduksjon i talet på vaksen bukk. Sekretariatet tilrår derfor at villreinnemnda godkjenner foreslått kvote i samsvar med avskytingsplanen for 2026.

Tiltak for prøvetaking og datainnsamling

CWD: Det er fokus på skrantesjuka. Det er særskild viktig at ein tek så mykje CWD-prøvar som mogleg. I tabellen under viser talet på helseprøvar samanlikna med det potensielle (ønskjelege) talet på prøvar som er felte dyr 1 år og eldre. Det kan vere feilkjelder i dette talmaterialet, men det indikerer at det er eit stykke til målet på 100 %.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Setesdal Ryfylke	48 % (102 av 212)	78 % (218 av 278)	82 % (212 av 258)	75 % (147 av 197)	80% (47 av 59)	79% (66 av 84)
Setesdal Austhei	48 % (29 av 60)	63 % (85 av 134)	74 % (123 av 167)	68 % (111 av 163)	78% (95 av 122)	82 % (139 av 170)
Våmur Roan	50 % (11 av 22)	71 % (20 av 28)	29 % (6 av 21)	100 % (6 av 6)	-	-

Talet på helseprøvar frå jakt sett i forhold til felte dyr 1 år og eldre (kjelde: Hjorteviltregisteret)

Kalvevekt: Eit av kriteria i klassifiseringa i kvalitetsnorm for villrein er kalvevekt. Det er derfor viktig at kalv blir vegne og at dette blir rapportert. Tala nedafor viser at kalvevekt i altfor liten grad blir rapportert frå jegerar.

	2021	2022	2023	2024	2025
Setesdal Ryfylke	58 % (66 av 114)	79 % (82 av 104)	66 % (36 av 54)	79 % (15 av 19)	81% (26 av 32)
Setesdal Austhei	44 % (21 av 48)	71 % (51 av 72)	65 % (36 av 55)	50 % (24 av 48)	62% (53 av 86)
Våmur Roan	85 % (11 av 13)	95 % (19 av 20)	100 % (3 av 3)	-	-

Talet på kalv som er vegne og rapportert sett i forhold til felt kalv (kjelde: Hjorteviltregisteret)

I forslag til avskytingsplan er det det omtalt eit mål om å auka talet på CWD-prøvar frå felte dyr, samt at felte kalvar blir nøyaktig vegne. Dette støttast.

Villreinnemnda har i fleire år oppfordra villreinlag og valdansvarleg om å gjere tiltak for å auka og betra prøvetakinga, samt større grad av rapportering. Det har vært eit problem at ikkje alle nødvendige prøver leverast, og at informasjon om felte dyr ikkje førast inn i Hjorteviltregisteret eller appen «Sett og skutt». Opplysningane er viktige til bruk i forvaltninga. I 2025 vedtok nemnda å gå frå å oppfordra til å stille krav ved å innføre følgjande pålegg gitt med heimel i hjorteviltforskrifta § 32:

- Det skal leverast CWD-prøve frå alle felte villrein eldre enn 1 år

- Alle felte kalvar *skal* vegast
- Opplysningar om alle felte dyr *skal* førast i Hjorteviltregisteret eller i appen «Sett og skutt».

Ser ein på utviklinga i leverte data vist til i tabellane ovanfor, så har det nok hatt liten effekt å gjere det obligatorisk. Uansett, her er det informasjon om at CWD-prøvar *må* tas og at kalvar *må* vegast som er viktig. Denne informasjonen må komme fram til jegeren.

Sekretariatet foreslår saman med kvotevedtaket å fortsette pålegg om rapportering av kalvevekt og prøvetaking av CWD. Det er viktig på denne måten å understreke at dette er viktige data for forvaltninga.

Ikkje skyt rein med GPS-sendar

Det er pr dags dato ein villreinbukk i Setesdal Austhei som er GPS-merka. Merka dyr er særst viktige for forskning og villreinforvaltning og må ikkje fellast. Villreinnemnda har ikkje heimel for å frede merka dyr, men kan på nytt sterkt oppmode jegerar og jaktrettshavarar om å unngå felling av villrein med GPS-sendar.

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

I første del av møte orienterte Torleif Homme, sekretær i Setesdal Austhei villreinlag, om laget sitt forslag til avskytingsplan.

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

VRN - 007/26 Vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 1500 dekar i sone 1, nordområdet (Bykle, Tokke og Vinje kommune), og 8000 dekar i sone 2, sørområdet (Fyresdal, Åmli, Bygland og Valle kommune). Dette gir ei samla kvote på om lag 721 dyr for jaktseasonen 2026 i Setesdal Austhei villreinområde. Fordeling av kort blir slik:

- Frie dyr: 25 %
- Simle: 30 %
- Kalv: 45 %

Kvota er i samsvar med Setesdal Austhei villreinlag sitt forslag til avskytingsplan for 2026.

I tilknytning til jakta blir følgjande pålegg gitt med heimel i hjorteviltforskrifta § 32:

- Det skal leverast CWD-prøve frå alle felte villrein eldre enn 1 år
- Alle felte kalvar skal vegast
- Opplysningar om alle felte dyr skal førast i Hjorteviltregisteret eller i appen «Sett og skutt».

Nemnda vil sterkt oppmoda til at villrein med GPS-sendar ikkje blir skutt.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-X32	26/448

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026

Godkjenning av avskytingsplan 2026 for Setesdal Ryfylke villreinområde

Forslag til vedtak

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 6.0 km² i nordområdet og 40 km² i sør. Dette gir ei samla kvote på om lag 405 dyr for sesongen 2026 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fellingsløyve (kort) som blir gitt til vald i nordområdet kan ikkje nyttast i sørområdet. Fordeling av kort er som følgje:

	Bukk	Simle	Kalv
Nordområdet	40%	20%	40%
Sørområdet	100%	-	-

I tilknytning til jakta blir følgjande pålegg gitt med heimel i hjorteviltforskrifta § 32:

- Det skal leverast CWD-prøve frå alle felte villrein eldre enn 1 år
- Det skal leverast kjeve for alle felte dyr
- Alle felte kalvar skal vegast
- Opplysningar om alle felte dyr skal førast i Hjorteviltregisteret eller i appen «Sett og skutt».

Nemnda vil sterkt oppmoda til at villrein med GPS-sendar ikkje blir skutt.

Sand, 27.04.2026

Vedlegg:

Avskyttingsplan SRV 2026

Bakgrunnsdokument

- Bestandsplan 2024-2026
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Saksopplysningar

Avskyttingsplan er utarbeida av Setesdal Ryfylke villreinutval og er vedtatt på årsmøte 14.april.

Setesdal Ryfylke villreinutval er invitert til møte og dei vil presentere avskyttingsplanen og arbeidet med denne.

Villreinemnda skal vedta årleg fellingskvote

Jamfør § 28 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det villreinemnda som vedtek årleg fellingskvote for kvart villreinområde innan 1. mai. Gjeldande bestandsplan, samt oppdatert kunnskap om villreinen i området, skal leggast til grunn.

Med funnet av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og i Nordfjella villreinområde er villreinforvaltninga i ein unormal situasjon. Kvotar må sjåast på i lys av dette.

Mål i bestandsplan

I bestandsplan for 2024-2026 er det satt følgande hovud- og delmål:

Hovedmål: Bestandsforvaltninga av villreinen i Setesdal Ryfylke skal i planperioden bidra til en villreinbestand som oppleves bærekraftig i antall. Bestandsforvaltningen skal bidra til at man med stor sannsynlighet kan si at vi har en CWD-fri villreinbestand i Setesdal Ryfylke. Et langsiktig mål er å komme ut som god i Miljøkvalitetsnormen, samtidig som stammestørrelsen ligger opp imot områdets bæreevne.

- *Delmål bestandsstørrelse: Antall villrein i nordområdet skal stabiliseres på ca. 1200 dyr. Antall villrein i sørområdet skal økes fra antatt 570 dyr vinteren 2023-2024 til ca. 1000 dyr.*
- *Delmål kondisjon: Kondisjon og kalvetilvekst skal holdes innenfor kategorien god etter Kvalitetsnorm for villrein.*
- *Delmål bestandsstruktur: Andelen eldre bukk (2 år og eldre) skal reduseres ned mot 10 % i løpet av planperioden.*

Anbefaling frå Miljødirektoratet

I brev datert 24.01.2024 kjem Miljødirektoratet med anbefalingar for bestandsforvaltninga for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke. Dette med bakgrunn i at det framleis er stor usikkerheit når det gjeld førekomst av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og omkringliggende villreinområde. «Vi oppfordrer derfor til at bestandsforvaltningen i disse områdene forsetter å følge føringene med å redusere/ha lav bukkeandel og generelt ha reduserte bestandsstørrelser sammenlignet med en normalsituasjon.»

Direktoratet understrekar at det er viktig å få tatt så mange CWD prøvar som mogleg av villrein som er eit år og eldre.

Forslag til kvote

I 2024 blei kvota betydeleg redusert. Med bakgrunn i teljingar og andre observasjonar var det ei generell oppfatning at bestanden i villreinområdet var lågare enn tidlegare antatt, særleg i sørområdet. Villreinnemnda vedtok ei mindre kvote med eit minsteareal på 6.0 km² i nordområdet og freding i sør. I 2025 vedtok villreinnemnda ei kvote på same nivå som i 2024 i nord, men opna for noko jakt på bukk i sør. Årets forslag til kvote bygger på dette, samt nye teljingar.

For årets forslag til kvote har villreinetvalet lagt mellom anna følgande til grunn:

- Det har vore ein liten auke i bestanden som no er om lag 1870 dyr.
- Det blei dokumentert 363 kalvar ved kalveteljing i 2025 (243 i 2024), mens antatt produksjon var om lag 415 kalvar. Me kan forvente ein produksjon på i overkant av 450 kalv i 2026.
- Samla er det no om lag 20 % eldre bukk i bestanden, meir i sør enn i nord.

Villreinetvalet sitt forslag til årets kvote er lik kvota som blei vedtatt i 2025:

	M	F	B	S	S	K
	i	e	u	i	i	a
	n	ll	k	m	m	l
	s	i	k	l	l	v
	t	n		e	e	
	e	g		/		
	a	s		u		
	r	m		n		
	e	å		g		
	a	l		d		
	l			y		
				r		
N	6	7	4	0	2	4
o	k	5	0	%	0	0
r	m		%		%	%
d	2					
S	4	2	1	0	0	0
ø	0	5	0	%	%	%
r	k		0			
	m		%			
	2					

Med foreslått minsteareal vil dette gi ein samla kvote på om lag 405 dyr (324 i nord og 81 i sør). Med den same kvoten blei det i 2025 felt 92 dyr i nord og 22 eldre bukkar i sør. Som i 2025 blir det foreslått at kortet «frie dyr» blir endra til reine bukkekort. Dette fordi det blir felt ein betydeleg del med simler på desse korta. Endringa i 2025 førte til at færre simler blei felt og fleire eldre bukk.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

Framlegg til vedtak baserer seg på data frå teljingar, observasjonar og erfaringar med villrein og villreinjakt i området over fleire år. Sekretariatet vurderer at kunnskapen er tilstrekkeleg

god til å kunne vedta kvoter (§ 8). Med bakgrunn i dette blir det lagt mindre vekt på føre var-prinsippet (§ 9).

Samstundes må det understreka at kvaliteten på datamaterialet ein har over bestandsstorleik og struktur kan variera. Teljingar gir ein god ledetråd, men er normalt ikkje ein fasit. Tilfeldig innvandring/utvandring og hendingar vil også bidra til dette. Det same gjer ulik fellingsuksess frå år til år. Berekning av fellingskvotar er med andre ord ingen eksakt vitenskap.

I forhold til samla belastning (§ 10) blir kvota vurdert i forhold til ein langsiktig forvaltningspraksis vedtatt i gjeldande bestandsplan. Som omtalt er ikkje tildeling av kvoter noko millimeter kunnskap. Det er derfor viktig å sjå på utviklinga over fleire år. Det er og sentralt å sjå saka i forhold til CWD-situasjonen.

§ 11-12 i naturmangfaldlova er vurdert som mindre relevante i saka.

Bestand og forslag til kvote

Dei siste åra har vore prega av stor uvisse knytt til bestandsstorleik. Det har vore eit ønskje om å byggje opp bestanden mot fastsette bestandsmål, samstundes som ein må ta omsyn til risiko for skrantesjuka (CWD) og behovet for tilstrekkeleg prøvetaking.

Det er brei semje om at bestanden dei siste åra har vore lågare enn tidlegare lagt til grunn, særleg i sørområdet, og at dette ikkje fullt ut kan forklarast av jaktuttak åleine. Auka predasjon, spesielt frå jerv, og meir krevjande vintertilhøve er trekt fram som sannsynlege forklaringar. Dette har ført til diskusjon om naturleg dødelegheit, og i 2026 planen er denne justert opp for å få meir realistiske bestandsberekningar.

Vidare har det vore delte meiningar om jakt i sørområdet. I 2024 var det eit fleirtal i villreinutvalet og i nemnda for full fredning, mens ein i 2025 landa på ei forsiktig opning for jakt på eldre bukk. Dette er grunngjeve både med behov for CWD overvaking, redusert andel eldre bukk, og rettferd mellom delområda gitt noko utveksling av bukk mellom nord og sør.

Erfaringar frå jakta i 2025 har hatt stor betydning i vidareføringa av planen. Spesielt har innføringa av reine bukkkort i staden for «fritt dyr» så langt vorte vurdert som vellukka, då dette reduserte uttaket av simler og gav betre måloppnåing. På denne bakgrunnen har villreinutvalet vald å vidareføre hovudgrepa i planen i 2026, med låg kvote, høgt minsteareal i sør og fokus på kontrollert uttak av eldre bukk.

Framlagt avskytingsplan fekk eit fleirtal i avstemminga på villreinutvalets årsmøte. Det er altså ikkje eit samrøystes utval. Det er mellom anna eit mindretal som meiner det bør opnast for felling av kalv også i sørområdet, dette ved å redusere kalvekort i nord og auke tilsvarande i sør. Argument for dette er blant anna at det er i sør kalvetilveksten pr simle/ungdyr er størst. Forvaltninga treng også kalveveker. Samstundes er det framleis usikkerheit om dyretalet.

Det har og vore fremma forslag om å endre kategorifordeling i nord til 50% voksen bukk og 50% kalv og dermed ta bort simlekort.

Sekretariatet meiner at fleirtalet i villreinutvalet legg opp til ei kvote som er i tråd med vedtatt bestandsplan og Miljødirektoratet sine anbefalingar. Ei forsiktig og kontrollert jakt, med fokus på eldre bukk, framstår som eit rimeleg og fagleg godt forankra tiltak i dagens situasjon. Erfaringane frå jakta i 2025 viser òg at hovudgrepa i planen fungerer etter intensjonen. Det blir felt mest bukk og det er ein liten vekst i stammen, særleg i sør.

Grunna avgrensa vandring av dyra mellom nord- og sørområdet blir områda bestandsmessig forvalta ulikt. Villreinlaget ber derfor om at vedtak i villreinnemnda blir utforma slik at det ikkje kan flyttast kort mellom vald i nordområdet til sørområdet, da dette vil motverke intensjonen i avskytingsplanen. Sekretariatet er samd i dette.

I staden for korttypen «Valfritt dyr» blir det foreslått bukkekort både i nord og sørområdet. Dette gjer uttaket meir målretta. Jamfør § 29 i hjorteviltforskrifta er ikkje dette ein kategori. Det må derfor søkast om dispensasjon frå forskrifta for å få dette realisert. Det er gode argument for dette (CWD) og Landbruksdirektoratet innvilga dispensasjon i fjor.

Tiltak for prøvetaking og datainnsamling

CWD: Det er fokus på skrantesjuka. Det er sær s viktig at ein tek så mykje CWD-prøvar som mogleg. I tabellen under viser talet på helseprøvar samanlikna med det potensielle (ønskjelege) talet på prøvar som er felte dyr 1 år og eldre. Det kan vere feilkjelder i dette talmaterialet, men det indikerer at det er eit stykke til målet på 100 %.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Setesdal Ryfylke	48 % (102 av 212)	78 % (218 av 278)	82 % (212 av 258)	75 % (147 av 197)	80% (47 av 59)	79% (66 av 84)
Setesdal Austhei	48 % (29 av 60)	63 % (85 av 134)	74 % (123 av 167)	68 % (111 av 163)	78% (95 av 122)	82 % (139 av 170)
Våmur-Roan	50 % (11 av 22)	71 % (20 av 28)	29 % (6 av 21)	100 % (6 av 6)	-	-

Talet på helseprøvar frå jakt sett i forhold til felte dyr 1 år og eldre (kjelde: Hjorteviltregisteret)

Kalvevekt: Eit av kriteria i klassifiseringa i kvalitetsnorm for villrein er kalvevekt. Det er derfor viktig at kalv blir vegne og at dette blir rapportert. Tala nedafor viser at kalvevekt i altfor liten grad blir rapportert frå jegerar.

	2021	2022	2023	2024	2025
Setesdal Ryfylke	58 % (66 av 114)	79 % (82 av 104)	66 % (36 av 54)	79 % (15 av 19)	81% (26 av 32)
Setesdal Austhei	44 % (21 av 48)	71 % (51 av 72)	65 % (36 av 55)	50 % (24 av 48)	62% (53 av 86)
Våmur Roan	85 % (11 av 13)	95 % (19 av 20)	100 % (3 av 3)	-	-

Talet på kalv som er vegne og rapportert sett i forhold til felt kalv (kjelde: Hjorteviltregisteret)

I forslag til avskytingsplan er det det omtalt eit mål om å auka talet på CWD-prøvar frå felte dyr, samt at felte kalvar blir nøyaktig vegne. Dette støttast.

Villreinnemnda har i fleire år oppfordra villreinlag og valdansvarleg om å gjere tiltak for å auka og betra prøvetakinga, samt større grad av rapportering. Det har vært eit problem at ikkje alle nødvendige prøver leverast, og at informasjon om felte dyr ikkje førast inn i Hjorteviltregisteret eller appen «Sett og skutt». Opplysningane er viktige til bruk i forvaltninga. I 2025 vedtok nemnda å gå frå å oppfordra til å stille krav ved å innføre følgjande pålegg gitt med heimel i hjorteviltforskrifta § 32:

- Det skal leverast CWD-prøve frå alle felte villrein eldre enn 1 år
- Alle felte kalvar skal vegast
- Opplysningar om alle felte dyr skal førast i Hjorteviltregisteret eller i appen «Sett og skutt».

Ser ein på utviklinga i leverte data vist til i tabellane ovanfor, så har det nok hatt liten effekt å gjere det obligatorisk. Uansett, her er det informasjon om at CWD-prøvar må tas og at kalvar må vegast som er viktig. Denne informasjonen må komme fram til jegeren.

Sekretariatet foreslår saman med kvotevedtaket å fortsette pålegg om rapportering av kalvevekt og prøvetaking av CWD. Det er viktig på denne måten å understreke at dette er viktige data for forvaltninga.

Ikkje skyt rein med GPS-sendar

Det er pr dags dato 5 villrein i Setesdal Ryfylke som er GPS-merka. Merka dyr er særskilt viktige for forskning og villreinformasjon og bør ikkje fellast. Villreinnemnda har ikkje heimel for å frede merka dyr, men kan på nytt sterkt oppmode jegerar og jaktrettshavarar om å unngå felling av villrein med GPS-sendar.

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Kvalitets norm kalvevekt, foreslått av Ivar Harry Dahl,

Når kvalitetsnorm blir satt utfra kalve vekt blir det vanskelig å få riktig kvalitet i sør da det ikke blir gitt fellingskvote på kalv i sørområdet. Derfor bør det reduseres på antall kalvekort i nord og flyttes til sørområde siden kalvetilveksten er størst i sørområde

I første del av møte orienterte Kristian Eiken Olsen, leiar i Setesdal Ryfylke villreinutval, om laget sitt forslag til avskytingsplan.

Ivar Harry Dahl la fram tilleggssforslag, men trakk dette før avstemming.

Samrøystes vedtak i samsvar med forslag til vedtak.

VRN - 008/26 Vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 6.0 km² i nordområdet og 40 km² i sør. Dette gir ei samla kvote på om lag 405 dyr for sesongen 2026 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fellingsløyve (kort) som blir gitt til vald i nordområdet kan ikkje nyttast i sørområdet. Fordeling av kort er som følgje:

	Bukk	Simle	Kalv
Nordområdet	40%	20%	40%
Sørområdet	100%	-	-

I tilknytning til jakta blir følgjande pålegg gitt med heimel i hjorteviltforskrifta § 32:

- Det skal leverast CWD-prøve frå alle felte villrein eldre enn 1 år
- Det skal leverast kjeve for alle felte dyr
- Alle felte kalvar skal vegast
- Opplysningar om alle felte dyr skal førast i Hjorteviltregisteret eller i appen «Sett og skutt».

Nemnda vil sterkt oppmoda til at villrein med GPS-sendar ikkje blir skutt.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	26/451

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	23.04.2026

Eventuelt

Sand, 27.04.2026

23.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Godtgjering

Det blei foreslått at krav om møtegodtgjering blir 3 timar for førebuing + 6 timar for møte. Samrøystes.

Reiserekning, utgiftsrefusjon og honorar for honorarmottakarar, sjå her:

<https://dfo.no/kundesider/reiseregning-utgiftsrefusjon-og-honorarer-for-honorarmottakere>
Bruk lønnart 5534 Honorartimer i DFØ appen.

VRN - 009/26 Vedtak:

Møtegodtgjering blir 3 timar for førbuing og 6 timar for møte.